

DENNE, OG DENNE, OG DENNE, sa Kristin, men da ho såg at eg blei uroleg, skynda ho seg å legge til: Eg skal vere rask. Ok, sa eg og gikk ut av butikken der eg hadde sett ein benk da vi kom. Her ville eg sitte. Ved sida av benken sto eit akvarium, og eg blei sittande og følgje med på den travle kvardagen som utspelte seg der nede blant fiskane. Etter kvart begynte noen av dei å utvikle små bein på sida av kroppen, og snart skilde hovuda seg tydelegare ut. No såg eg at eit par hadde komme seg opp til vassflata, og før eg visste ordet av det, hoppa dei ut over kanten og ned på golvet. Skapningane, som no mest likna øgler, tok til å krype rundt og strekke seg opp langs veggjar og utstillingsvindaug, snart var dei oppe og gikk på to, og eg skjønnte kva veg det bar. Og ganske riktig, etter ein periode som apeliknande bomsar såg dei no ut som menneske, ei heilt vanleg gruppe med eldre gubbar på eit stort senter i ein liten by i eit knøtt lite land. Eg flytta den eine foten over den andre. Orsak, sa den eine av gubbane og kom bort til meg. Eg lurar bare på om du veit kor mykje klokka er. Å, sa eg, om de spring så rekk de nyheitene. Han snudde seg mot dei andre og veiva med handa. Kom an, gutar! sa han, og så fór dei sin veg. Etter ei stund kom Kristin ut frå butikken. Dette gikk jo raskt, sa eg, men eg trur ikkje ho fikk med seg ironien. Ho smilte bare og såg på meg. Har du pengar? sa ho.